

## Søkjeord

Internett er ei fantastisk kjelde til mykje informasjon. På nettet kan du lese om stort sett alt mogleg. Nettopp derfor kan det vere vanskeleg å finne fram til nøyaktig det du er på jakt etter. Å søkje målretta er ei treningssak. Gode og presise søkjeord kan vere nøkkelen til gode treff.

Søkjeord er orda du søkjer med når du leitar etter informasjon på nettet. Søkjeorda skriv du inn i ein søkjemotor (Google, Kvasir junior o.l.), som igjen finn fram informasjon.

Kva for søkjeord du bør bruke, er blant anna avhengig av kor spesifikk, eller presis, informasjon du er ute etter. Er du ute etter noko spesielt, for eksempel oppskrift på heimelaga tomatsuppe, held det ikkje å søkje med ordet *suppe*. Det blir for generelt. Du må vere meir spesifikk, og gjerne kombinere – setje saman – søkjeord som *tomatsuppe*, *heimelaga*, *oppskrift*.

- Oppgåve 1      Skriv søkjeordet *suppe* i ein søkjemotor og start søket. Skriv ned dei fem første treffa du får.
- Oppgåve 2      Skriv kombinasjonen av søkjeorda *tomatsuppe heimelaga oppskrift* og start søket. Skriv ned dei fem første treffa du får.
- Oppgåve 3      Skriv ned fem *generelle* søkjeord og fem *spesifikke* søkjeord.
- Oppgåve 4      Søk etter, og skriv minst tre synonym til ordet *generell*.  
Søk etter, og skriv minst tre synonym til ordet *spesifikk*.